

Fint pensjonistliv for 20-åring på Døssland

15.07.2009



Eirin og Ringdals-Siw kjem godt overeins. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Mora til dei spreke tråvarane til Gudrun og Halvard Døssland er lite framme i media, men det fortener ho i høgste grad: Ringdals-Siw har runda 20 år og er for pensjonist å rekna, men ho har tydelegvis eit fint og harmonisk liv på nabogarden.

Der tek Svein Ottar Rørheim og dottera Eirin (14) seg svært godt av hoppa.

Ho har hatt fem føll og dei fire første av dei har til no tråva inn nesten ein halv million, nærmare bestemt 451.000 kroner. Den femte er berre tre år og har ikkje fått prøvd seg førebels.



[Etterkommarar av Ringdals-Siw på grøne grasganger på Døssland.](#) (Foto: Ola Matti Mathisen)

Gudrun og Halvard kjøpte Ringdals-Siw fra Østfold og angrar ikkje på det kjøpet!

I rad og rekke kom Pøbla, Dølerud-Troll, Døsslands-Pia, Døsslands-Pil og Døsslands-Liv til verda og dei fire første har til dato tråva inn 15.000, 300.000,

82.000 og 54.000 kroner. Her bør det skytast inn at Pøbla vart skada. Dølerud-Troll vart sold til Sverige og hesten har som ein forstår hatt stor suksess der.

Mora har all grunn til å kvila på laurbæra sine og det gjer ho også - på nabogarden.

- Eg var på jakt etter ein hest og var svært glad då Gudrun og Halvard sa at vi kunne ha og bruka Ringdals-Siw så lenge vi ville. Det er ein utruleg snill og harmonisk hest, seier Svein Ottar medan Eirin salar på og avslører at dette er noko ho beherskar.

Ho rir så ofte ho kan året rundt, som regel fleire gonger i veka. Denne kvelden har ho henta inn hesten frå grøne grasganger i selskap med to verar. Ringdals-Siw er tydeleg i god form og godt hald.

Halvard Døssland er på si side svært glad for avtala med naboen og for at den framifrå hesten har fått eit så godt pensjonistliv der.

- Dette er så kjekt at eg kan ikkje få sagt det. Ringdals-Siw får nok enda nokre år bak seg før ho takkar av, meiner Halvard.

Av Ola Matti Mathisen



Klårt for dagens ridetur i flott natur! (Foto: Ola Matti Mathisen)